

## «Ordet nær – mennesket nær»

---

### Rettleiing i etiske spørsmål. Kva seier vi, kvar seier vi det og korleis?

#### Gud er god!

1Joh 4:16: *”Og vi har kjent og trudd den kjærleiken Gud har til oss. Gud er kjærleik. Den som vert verande i kjærleiken, han vert verande i Gud, og Gud i han.”*

Gud er kjærleik. Det er hans vesen. Han såg på det han hadde skapt, og det var ”overlag godt”. Syndefallet forandra ikkje Guds kjensler for mennesket, for Gud er uforandreleg. Han elsker menneskeborna. Han vil oss berre vel.

Om vi ikkje kjenner Ordet si formaning frå ein Gud som elsker mennesket, vil vi raskt gli med straumen. På Bibelen sin grunn er det behov for å frimodig haldning til å reisa ekteskapet, heimen og kristne forsamlingar mellom folket vårt.

#### Er vi sanne hyrdingar?

Så kallar han meg og deg inn i dette sårbeidet og innhaustinga. Han kallar meg og deg til å vere hyrdar som kan lede andre til samfunnet med Gud. Tek vi ansvaret? Eller rømer vi frå ansvaret når det vert vanskeleg?

*Joh 10:12 ”Men han som er leigekar og ikkje hyrding, han som ikkje eig sauene, forlèt sauene og rømer når han ser ulven koma. Og ulven røvar dei og jagar dei frå kvarandre.”*

Er vi leigekararar (betalte vikarar), eller er vi hyrdingar?

Verdien «Ordet nær – mennesket nær» kan også seiast med verdiane «Fasthet – romslighet», og det gjeld å ha den gode balansen her. Det handlar om å møte menneske slik Jesus møtte dei.

I 2 Korinterbrev 2 oppfordrer Paulus kyrkjelyden i Korint til å vise storsinn: *«For han det gjeld, er det nok med den straffa han har fått av dei fleste. No skal de i staden heller tilgje og trøysta han, så han ikkje skal gå under i endå større sorg.»* (v. 6–7)

Det kjem ei tid for tilgjeving og for å bere over med den som har feila. Det er viktig at den kristne forsamling samstemt søker tilgjeving og gjenoppretting. «Difor bed eg dykk: Vert samde om å syna han kjærleik.» (v. 8). Menneske må få lov til å starte på nytt, ikkje berre innfor Gud, men også i forsamlinga. Mangel på tilgjeving kan verke destruktivt på det kristne fellesskapet.

2.Kor 2:10-11 *«Og han som de tilgjev noko, han tilgjev eg òg. For det eg har tilgjeve – om eg har hatt noko å tilgje – det har eg tilgjeve for dykkar skuld, for Kristi åsyn, **så vi ikkje skal verta dårar av Satan**. For vi er ikkje uvitande om kva han har i tankar».*

Med sine ord rettar Paulus en åtvaring til fellesskapet, ikkje til den som har synda. I eit fellesskap der tilgjeving og aktiv kjærleik ikkje får rom, der får Satan si vilje.

Det er behov for å finne den gode balansen: Ordet nær – mennesket nær. Kol 3:16 [NT05] *”Lat Kristi ord få **rikeleg rom** hos dykk, så de med **visdom** kan **undervisa** og **retteia** kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar.”*

Det faste haldepunktet: 1Pet 4:11 "**Om nokon talar, han tale som Guds ord. Om nokon tener, han tene ved den kraft Gud gjev, så Gud må verta æra i alt ved Jesus Kristus – han som æra og makta tilhøyrrer i all æve. Amen.**" Om vi ikkje har dette orienteringspunktet, tenkjer vi feil, og lærer feil.

1.Tess 2:3-4 "**Forkynninga vår kjem ikkje av villfaring eller urein hug, og ho kom ikkje med svik, men ettersom Gud har funne oss verdige til å få evangeliet overlate, så talar vi ikkje som dei som vil tekkjast menneske, men Gud, som prøver hjarto våre.**"

Ef 6:19 "**... og bed for meg òg, at det må verta gjeve meg ord når eg opnar munnen min, så eg med frimod kan kunngjera løyndomen i evangeliet –**"

Det finnest ikkje ei oppskrift i møte med ein utfordrande situasjon. Kombinasjonen: Rikeleg rom – tale som Guds ord – ikkje for å tekkast menneske – avhengig av forbøn.

Kvile	Slåss
Guds gode vilje for samliv og livsstil	Slik menneska innretter seg

Faren er at vi bytter om (at vi kviler i korleis menneska innrettar seg og slåss mot Guds gode vilje).

Vi må alltid kalkulere med at det kan føre til sorg når vi er tydelege.

### **2Kor 7:8-11**

8 *For jamvel om eg valda dykk sorg med brevet mitt, så angrar eg ikkje på det, endå eg nok har angra på det før. Eg ser no at brevet gjorde dykk sorgfulle, sjølv om det berre var for ei tid.*

9 *Men no gleder eg meg, ikkje over at de vart sorgfulle, men av di de fekk sorg til omvending. For den sorga som kom over dykk, var frå Gud, så de ikkje skulle lida nokon skade på grunn av oss.*

10 *For sorga etter Guds hug verkar omvending til frelse, som ingen angrar. Men verdsens sorg verkar død.*

11 *Sjå kva det førde til at de vart sorgfulle etter Guds hug: Iver, ja forsvar, ja harme, ja otte, ja lengt, ja brennande ihuge, ja straff! De har på alle måtar vist at de er reine i denne saka.*

Her er det uklart kva situasjon det er peika mot, men saka er at når vi er Ordet nær vil det føre til sorg og omvending. Og det er ikkje farleg. Vi skal møte menneske slik Jesus møtte menneska. Jesus var Gud! Han visste kva menneska tenkte.

Møtet med den rike unge mannen i Matt 19:22 "*Men då den unge mannen hørde det, gjekk han sorgtung bort, for han var svært rik.*" Menneska forlet Jesus, og han let dei gå. Jesus hadde all innsikt, alle pedagogiske og sjelesørgeriske evner. Men nokre vel å gå i møte med fasthet og tydelighet. Dette er ikkje krise. Men det er krise dersom menneske går fordi vi møter dei med feil haldning.

To negative eksempel, der vi møter nokre som trudde om seg sjølve at dei var rettferdige og såg ned på andre:

Luk 11:46 *"Men han sa: Ve over dykk lovkunninge òg! For de lesser tunge bærer på menneska, bærer som dei har vondt for å bera, og sjølve rører de ikkje bærene med ein finger!"*

Luk 18:11 *"Farisearen stod for seg sjølv og bad såleis: Eg takkar deg, Gud, fordi eg ikkje er som andre menneske: røvarar, urettferdige, horkarar – eller som denne tollmannen."*

Jesus var rasande mot desse som stengde Guds rike for folket. Dette er ein dårleg kombinasjon: Legge byrder på, og sjå ned på. Det er betre å leve i ei erkjenning av eg treng nåde sjølv. Det handlar om å vere ærleg – å ha sjølvinnstekt.

Lenin insiterte på at hans etterfølgjarar skulle vere som stål og vere omsynslause. "Du kan ikkje lage omelett utan å knuse nokre egg. Så kan du heller ikkje få ein vellukka revolusjon utan å slå inn nokre hovudskallar."

Kjærleikens gyldne regel: Luk 6:31 *"Og som de vil at menneska skal gjera mot dykk, slik skal de gjera mot dei."*

Når vi les beretninga om Jesus i møte med kvinna ved Sykars brønn, ser vi at ho er **sårbar, skuffa, forutinntatt, har kunnskap**. Vi ser korleis Jesus lar ho få sette ord på sin situasjon. Jesus stod midt i blant folket, og vågde å vere nær.

Den barmhjertige faren i Lukas 15: Han er klok, lar guten få gå, sette han i fridom til å ta ansvar for eige liv. Dette modellerer noko viktig: "Du må ta valet". Ikkje bortforklare - slik Adam gjorde ("ho gav meg – eg åt"). Faren er raus – han sende med han arven. Kva for arv kan vi sende med? Kan vi seie at vi framleis er glad i den det gjeld? **Gjer vi det lett eller vanskeleg å kome tilbake?**

Luk 15:24 *"For denne sonen min var død og har vorte levande, han var bortkomen, men er no attfunnen."* Dette er å vere tydeleg. Det er noko som veg tyngre i skåla. Vi må aldri kome dit at vi tek Guds ord ut av korga.

Det kanskje beste eksempel hos Jesu i å vere ordet nær og mennesket nær: "Så dømer ikkje eg deg heller. Gå bort og synd ikkje meir!" Joh. 8:11

### Samvitet i fokus

- Bibelsk vekking er samvitsvekking. Apg 2:37 *"Men då dei høyrde dette, stakk det dei i hjarta, og dei sa til Peter og dei andre apostlane: Kva skal vi gjera, brør?"*
- *"Hele denne lære må føres tilbake til den nevnte kamp i den forskrekkede samvittighet, og den kan ikke forstås uten denne kamp."* CA art.20
- Samvitet bunde i Guds ord." Jfr Luthers i sin tale Worms, 1521: *"Hvis jeg ikke blir beseiret ved Skriftens vitnesbyrd eller ved åpenbare fornuftsargumenter – for jeg tror verken på paven eller på konsilene alene ettersom det står fast at de flere ganger har tatt feil eller har motsagt hverandre – så forblir jeg beseiret"*

*ved de skriftsteder jeg har anført, og min samvittighet forblir fanget i Guds Ord. Jeg verken kan eller vil tilbakekalle noe, for det verken er sikkert eller frelsebringende å gjøre noe mot ens samvittighet. Gud hjelpe meg, Amen."*

I alt dette må gjere Paulus si bøn til vår eiga: «Og dette bed eg om, at kjærleiken dykkar må verta meir og meir rik på kunnskap og all innsikt, slik at de kan døma om kva som er rett i dei ymse spørsmåla, så de kan stå reine og utan lyte til Kristi dag, fylte av rettferds frukt ved Jesus Kristus, Gud til lov og ære.»

### **Filipperbrevet 1:9-11**

Eg forventar av våre forkynnarar, lærarar og andre leiarar at dei tek omsyn til dette i ulike situasjonar. Eit foredrag eller det skrivne ord kan ikkje gje fulle svar i alle konkrete situasjonar. Men vi kan peike på hovudlinjene i dei ulike spørsmåla (på skipsleia), og så vil det alltid vere behov for den sjelesørgeriske samtalen om det vanskelege (alle skjera).

Generelt: Vi må aldri seie noko frå talarstolen som vi ikkje kan stå for i møte med enkeltmenneske som er i ein sårbar situasjon. Det må vere samanheng med det vi seier offentleg og det vi seier i sjelesorg. Men vi må vere opne med at den offentlege tale ikkje kan romme alle faktorar som har spelt si rolle i enkeltmenneske sitt liv. Derfor kan sjelesorg og personleg rettleiing gje råd som går på tvers av dei bibelske ideal, t.d. i spm om gjengifte der det er barn med i bildet.

## **Etiske utfordringar**

---

"I gitte situasjonar kan eitkvart menneske fråvike sine prinsipp og verdiar". Det kan vere greitt når det ikkje er aktuelt i eige liv, men vi ser det igjen og igjen at ein endrar haldning når det gjeld ens eigne.

Vi må som forkynnarar verne om eige liv – ta forhåndsregler ved samtalar. Menneske kan ha gode og onde hensikter med å reise sine spørsmål. Folk kom til Jesus får å sette han på prøve. Mark 3:2 "Dei heldt no auga med Jesus for å sjå om han ville lækja mannen på sabbaten, så dei kunne få noko å klaga han for."

Kristen etikk er først og fremst bygd på NT og dei ti boda. Det kan gjelde

- Abort og euthanasi, ta liv – 5.bodet.
- Samlivsetikk (skillsmisse, gjengifte, sambuarskap, homofili, overgrep) 6.bodet.
- Underslag, steling, – 7.bodet.
- Grenseoverskridande framferd (baksnakking, ryktespreiing, ukultur i måten å omtale og omhandle) 8.bodet

Vi kan også nemne:

- Rusmiddelmissbruk
- Forbrukerkultur og nedbryting av skaperverket.
- Nettmissbruk – porno.

Bibelen er vår rettesnor. Samtidig må vi jobbe med enkle retningslinjer.

Vi har vore flinke prinsipielt, men mindre flinke til å gjennomføre.

Vi stig inn veldig vanskeleg landskap.

### Det er viktig å vite korleis vi skal tale til rette: Matt 18:15-17

15 Men om bror din syndar imot deg, så gå og tal han til rette, han og du åleine. Høyrer han på deg, då har du vunne bror din.

16 Men høyrer han ikkje, så tak med deg ein eller to andre, så kvar sak skal stå fast etter utsegn frå to eller tre vitne.

17 Men vil han ikkje høyra på dei, så sei det til kyrkjelyden. Høyrer han heller ikkje på kyrkjelyden, då skal han vera som ein heidning og ein tollmann for deg!

Her ser vi ei eskalering i konfliktnivået på tre plan.

Begynn på lavest nivå.

- Den enkeltes ansvar
- Ta med en i tillegg
- Forsamlingens lederskap

I kyrkjelyden må ein vere svært varsam. Her trengs tydeleg leiarskap. Det skal opptre på vegne av forsamlinga – fått eit mandat. Dei veit meir, og derfor skal forsamlinga ha respekt for leiarskapet! Bedehushandboka seier noko om dette, men ikkje mykje.


Sagt for å beskytte: 1Tim 5:19 "Du skal ikkje ta imot klagemål mot nokon eldste utan at det har støtte frå to eller tre vitne."

Målet: Jak 5:19-20 "Mine brør! Dersom nokon av dykk har fare vilt frå sanninga, og ein annan omvender han, då skal han vita at den som omvender ein syndar frå hans ville veg, han frelser ei sjel frå døden, og løyner ei mengd med synder."

### Ekteskapet si stilling

Dei samlivsetiske spørsmål har sitt utgangspunkt i feil/uklar forståing av det kristne ekteskapet. Ekteskapet kan nok så sterkt i landet, for mange vel å gifte seg, men *det kristne* ekteskapet står svakt. Derfor var det få som stod for denne samfunnsordninga slik den har hatt sin definisjon i vår kultur i uminnelige tider. Og vi må erkjenne at dei fleste som kallar seg kristne lever saman før giftemålet.

### Ei guddommeleg skaparordning



Bibelen fortel oss at ekteskapet er ei guddommeleg ordning for livslangt og monogamt samliv mellom ein mann og ei kvinne. Guds ord er eintydig klart i synet på ekteskapet både i GT og NT.

1M 1:27-28 "Og Gud skapte mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte han det, til mann og kvinne skapte han dei. Og Gud velsigna dei og sa til dei: Ver fruktbare og vert mange, fyll jorda og legg henne under dykk ..."

1M 2:24 "Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si og halda seg til kona si, og dei skal vera eitt kjøt."

Her finn ekteskapets tre sider:

1. Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si (forlate, offentleg )
2. og halda seg til kona si, (halde seg til, monogamt forhold)
3. og dei skal vera eitt kjøt. (vere eitt, det seksuelle)

### Det offentlege ekteskapet

Ekteskapet startar når dei to har fått sett sitt personlege løfte om truskap inn i ein offentlig, juridisk samanheng. Når sambuarskap synes å vere akseptert også inn i kristne samanhenger, må vi halde fram at dette er i klar strid med Guds ord. Det greske ordet for ekteskap er det same som bryllup. Og fleire andre uttrykk underbygger den same juridiske samanhengen. Mannen skal forlate far og mor, dvs flytte ut av ein fast sosial relasjon og flytte inn i ein ny. Dette er altså ikkje ei privatsak. Det sjette bodet talar om det same, for det skal hindre seksuelt samliv utan at det er rettsgyldig ekteskap. I GT var det også streng straff for å bryte seg inn i ekteskapet. Derfor er det ikkje sant når nokon hevdar at vielse er ein menneskeleg tradisjon utan direkte tilknytning til Bibelen.

Borgerleg vigsel er like gyldig som kyrkjeleg vigsel, fordi det er ein institusjon for samfunnet, ikkje berre for kristne. Ny ekteskapslov: Ein imam kan vie deg og kjærasten din i eit muslimsk land, og de er då rett vigde. Då eg gifta meg, vart ekteskapet registrert hos myndighetene og i Himmelen!

### Sambuarskap vs ekteskap

Vi må kunne argumentere for kvifor menneske skal velje ekteskap i staden for sambuarskap.

Sambuarskap	Ekteskap
Sambuarskap er ugift samliv i ekteskapsliknande former mellom to personar. Det vert sett på av enkelte som ei alternativ samlivsform (prøveekteskap).	Ekteskap er ei livslang ektepakt mellom ein mann og ei kvinne som vert inngått offentlig i nærvær av vitne. I bibelsk forstand er det for Guds åsyn.
<b>Menneskeskapt protest</b> Kom seint på 60-talet. Praktisert i liberale miljø. Opprør mot kristne/konservative verdiar. Vanlig betegnelse: Papirlause ekteskap. Seinare vart det "sambuarskap". Privat sak som ikkje andre hadde noko noko med.	<b>Gudskapt ordning.</b> 1.Mos.1:27-28a. 1.Mos.2:24. Matt 19:4-6 Gresk: "Limt saman". Det er ikkje mogleg å rive noko frå kvarandre utan å skade delane.
<b>Uforpliktande</b> Svensk undersøking hos 279 advokatar: 6 av 10 seier dei unngår ekteskap fordi dei ikkje vil binde seg. I sitt <b>vesen</b> er det uforpliktande. Kven vil gå inn i noko sånt? Berre 1 av 10 sa at kjærleiken var så sterk at dei kunne klare seg utan å gifte seg. Kun 13% gjer ein bindande avtale. "Fordi ein ikkje vil såre den andre". Om ein vil ha ei kontrakt er ein redd for å såre den andre. To uavhengige personar. Dei fleste lever	<b>Livslang pakt</b> Ei pakt er bindende. Malakias 2:14. "Bunden til med pakt." Symbolikken i ringane: Laga av gull – det reinaste metallet som finst. Kontinuerlig påminning om at eg tilhøyrer ein annan med ei pakt. Har ingen brudd – den er heil. I gode og vonde dagar. Det ein forpliktar seg på er noko anna enn mine behov. Slik Kristus gav seg sjølv, skal eg gje meg sjølv til å ville binde meg til eit anna menneske. Det

<p>mindre enn 5 år saman. Ei skjør ramme for barna. Ti gonger større sjans for at foreldre går frå kvarandre. Samboerskap er ikkje ein trygg veg til ekteskap. England: Ekteskap basert på samboerskap endar i 77% skilsmisse. Partene sikrer seg en mulighet til å bryte ut.</p>	<p>handlar om vilje. Dette er noko radikalt anna enn eit sambuarskap der eg ikkje vil binde meg.</p>
<p><b>Prøve-ekteskap</b> Vi kan ikkje prøve ein fødsel, eller prøve å dø. Enten føder du eller så føder du ikkje. Enten dør du eller så lever du. Derfor er "prøve-ekteskap" eit villedende begrep. "Vi vil finne ut om vi passer saman." Prøvekjøre – kor lenge? Kor langt skal du kjøre før du har kjørt langt nok? Skal du henge på en tilhenger? Skal du punktere? Så lenge du skal prøve et ekteskap, er det mykje lettere å sette på bremsene på og gå ut av bilen. Betyr det å ha sex saman at ein passar saman?</p>	<p><b>Vere-ekteskap</b> Saman i forandring. Det er å vere menneske. Det å gå inn i et ekteskap er å gå inn i endring. Den du gifter deg med er ein annan om 15 år. Det å vere gift er ikkje å prøve, men å vere. Ektefellen kan ende i rullestol. Vere i forandring. Rammene endrar seg. Helse, barn, økonomi – det endrar seg. Det er ikkje mogleg å prøve det. "For Gud vår skapers ansikt og i disse vitners nærvær ..." Ja, eg vil vere, ikkje prøve. Eg vil vere hos deg, same kor vi endrar oss.</p>
<p><b>Praktiske omsyn</b> "Bestemt oss, vi kan like godt flytte saman." "Det er dyrt å gifte seg."</p>	<p><b>Djupare hensikt.</b> Kvifor ekteskap? Kva er hensikta? Berre følelsar? Ef.5:25-27. Ekteskapet er eit bilde på forholdet mellom Kristus og den kristne forsamlinga. Vi skal bli Kristus-like. Guds nåde – tilgjevinga – er byggegrunnen for forholdet. Det er ikkje alltid at eg fortener at ektefellen skal elske meg – og omvendt. Var det fordi vi fortente det at Jesus elska oss og gav seg sjølv for oss? Nei, det var på tross av det vi er. Vi fortener det ikkje, men det er nåden som ber ekteskapet. Det kan gjelde sambuarskap, men det er eit gudgitt bilde i ekteskapet.</p>
<p><b>Menneskelege innretting</b> Vi finn ikkje dette i Bibelen. "Slåss" mot. Svekker, gjer utydeleg, undergrev ekteskapet. Det er noko anna enn ekteskap.</p>	<p><b>Guds gode vilje.</b> Vi finn ekteskap, gifte seg, bryllup mange stader i Bibelen. Her kan vi kvile. Det einaste rette – ikkje berre betre enn sambuarskap.</p>

## Skilsmisse og gjengifte

Den bibelske læra om ekteskapet og seksuallivet er også den grunnleggande rettleiinga om skilsmisse og attgifte. Ekteskapet er livslangt og seksuallivet skal levast ut innanfor denne samanhengen. Skilsmisse er etter Bibelen i prinsipiell strid med Guds vilje med ekteskapet.

- Matt 19:6 "Så er dei ikkje lenger to, men eitt kjøt. Difor, det som Gud har knytt saman, det skal ikkje eit menneske skilja."
- Mark 10:9 "Difor, det som Gud har knytt saman, det skal ikkje eit menneske skilja."

Det er altså Gud som handlar, Han knyt saman, og det skal ikkje eit menneske skilje.

Bibelen reknar likevel med at skilsmisse kan verta utvegen i særlege tilfelle. I GT utvikla det seg ein liberal skilsmisse-praksis, men dette er ikkje etter Guds vilje. Ingen treng tvile på kva Gud vil:

Mal 2:15-16 "... Mot ungdomskona di må du ikkje vera utru. For eg hatar skilsmål, seier Herren, Israels Gud. "

Skilsmisse vart forordna av Moses "for dei harde hjarto si skuld", seier Jesus (Matt.19,3ff). Sjølv om oppløysing av ekteskap er i strid med Guds vilje, tillet Guds ord skilsmisse som nødordning i visse høve for å hindre endå større skade.

## To grunnar til skilsmisse

Vi finn to grunnar til skilsmisse. Den første er "for hors skuld":

1. Matt 19:9 "Men eg seier dykk: Den som skil seg frå kona si av nokon annan grunn enn hor, og gifter seg med ei anna, han driv hor. Og den som gifter seg med ei fråskild kvinne, han driv hor." Dette vil vere brot på ekteskapet. Dersom den andre ektemaken i ein slik situasjon søker skilsmisse, er den truande fri til å la dette skje. Det er den som er utru som har ansvaret for at heimen vert oppløyst.
2. Den andre er ekteskap med ein som ikkje er kristen: 1Kor 7:13-15 "Og dersom ei kvinne har ein vantruande mann, og han samtykkjer i å bu hjå henne, då skal ho ikkje skilja seg frå han. For den vantruande mannen er helga ved kona si, og den vantruande kona er helga ved den kristne broren. Elles ville då borna dykkar òg vera ureine, men no er dei helga. Men dersom den vantruande skil seg, så lat han gjera det. Ein kristen bror eller ei kristen syster er ikkje træl bunden i slike ting, for Gud kalla oss til fred." Her er det altså snakk om blandingsekteskap, og tanken er den at dersom den eine ektemaken har vorte kristen, og den andre av den grunn ikkje ønskjer å halde saman av den grunn, så skal den kristne tillate den andre å gå.

Det må sjølv sagt ikkje bli skilsmisse i nokon av desse tilfella. Det beste er om synd vert erkjent og tilgitt i utruskap. I blanda ekteskap skal den truande med sin ferd prøve å vinne ektemaken for Gud.



Der kan også vere andre situasjonar (t.d. rusavhengighet, situasjonar der liv og helse for ein sjølv eller borna er i fare) at samlivsbrot og fråflytting kan syne seg som einaste utveg. Ofte kan ein finne støtte for det i andre "overordna" skriftord, t.d. bodet om at ein skal ikkje slå i hel.

### **Attgifte**

Dette er jo noko av det vanskelegaste å halde fram i vår tid, men den bibelske rettleiinga på dette punktet må vi også halde fram. Gjer vi ikkje det, underminerer vi ekteskapet sin betydning og autoritet.

*1.Kor 7:10-11 "Til dei som er gifte, har eg dette bodet, ikkje frå meg sjølv, men frå Herren: Ei kvinne skal ikkje skilja seg frå mannen sin. Men er ho skild frå han, skal ho anten framleis leva ugift eller forlika seg med mannen. Og ein mann skal ikkje skilja seg frå kona si."*

Hovudlinja er at den skilde skal enten leva ugift eller forlika seg med ektemaken sin. Gjengifte er brot med Guds vilje.

Men vi erkjenner også at der er uenighet om der er eit par unntak. På same måte som vi såg at det var to unntak i spørsmålet om skilsmisse, har det tilsvarande vore uenighet som det også er to unntak for gjengifte. Det er slik å forstå, at dersom det har funne stad lovleg skilsmisse, så er det også lov til å gifte seg på nytt.

Reformasjonsfedrene tolka det slik. Andre seier konsekvent nei til gjengifte. Det er den det gjeld som til sjuande og sist (i bøn og bibellesing) må kome til ei løysing som samvitet kan leve med. Men det er mest uråd for ei forsamling eller organisasjon å dømme kven som er "den uskuldelege part". Derfor har vi restriksjonar i stillingar som har leiarfunksjonen i seg. I Verdidokumentet (her sitert frå skuledokumentet) kjem det fram denne spenninga, og seier dette om forbildefunksjonen:

*Når ein likevel skal ha ein einsarta praksis på dette området, seier ImF normalt nei til å ha gjengifte i stillingar som inneber åndeleg rettleiing og har ein tydeleg karakter av førebilete i seg. Difor må skuleeigar gjera det klart for alle tilsette at gjengifte vil føra til at arbeidstilhøvet vert vurdert, og normalt vil det opphøyra.*

### **Ekteskap etter tidlegare samboerforhold**

Ekteskap er altså noko anna enn samboerskap. I tilfelle med oppløyst sambuarskap står vi ikkje overfor ei skilsmisse, sjølv om vi ikkje kan avvise at dei involverte kan oppleve samlivsbrotet slik.

Sidan eit oppløst samboerskap ikkje er skilsmisse, kan ikkje kristen etikk avvise at tidlige sambuarar kan inngå ekteskap, for det handlar ikkje om gjengifte. Her ser vi eit døme på at vår rettleiing kan opplevast urettferdig. Eksempel: Vi kan kome i den situasjonen at vi aksepterer at ei kvinne – som gjennom fleire år har vore sambuar og har barn frå dette forholdet – gifter seg, medan ei anna kvinne, som kanskje berre var gift i nokre månader blir frårådd å gifte seg på nytt. Særleg utfordrande vil dette vere om den skilte kvinna ikkje bekjente trua då ekteskapet gjekk i stykker.

Det er fleire omsyn å ta når det kan vere er snakk om at tidlegare sambuarar gifter seg, spesielt omsynet til involverte barn, som kan verte den tapande part når foreldre

startar eit nytt samliv. I enkelte situasjonar bør ein avtå/vente med å inngå ekteskap, mellom anna for å framheve ekteskapets særstilling og status.

### **Nyfrelste med flere samliv bak seg**

Bibelen seier «Derfor, om noen er i Kristus, da er han en ny skapning, det gamle er forbi, se, alt er blitt nytt» (2 Kor 5,17). Gjeld ikkje det for nyfrelste i alle ting, slik at dei kan legge fortida bak seg og starte på nytt?

Jau, det er sant at synda er tilgitt og gløymd når eit menneske søker Gud i anger og tru, men som skaperordning har ekteskapet først og fremst ei mellommenneskeleg side. Spora etter eit tidlegare ekteskap er der også hos ein nyomvend. Overfor Gud kan vi seie at alle frelste står med sletta fortid. Vi må aldri blande lov og evangelium, og starte med formaning overfor ufrelste menneske. Likevel må vi alle på skaperplanet – overfor kvarandre – ta ansvar for val som vart gjort.

Derfor er det inga prinsipiell skilnad mellom om skilsmisse som fann stad før eller etter omvendinga, men samtidig utfordrar slike situasjonar oss til å møte nyfrelste på ein varm og inkluderande måte.

### **Einsleg stand**

Vi gjer vel å framheve den einslege stand som noko positivt. Nokre vel å leve einsleg, for andre er det ufrivillig. Einslege har heilt klart andre muligheter til å verke til velsigning for sine medmenneske enn dei som er gifte, og eg kjenner mange døme på at det nettopp er tilfelle. Ekteskapet skal derfor ikkje idealiserast på ein slik måte at einslege kjenner seg tilsidesett.

*Matt 19:11-12 Men Jesus svara: «Dette er noko som ikkje alle kan ta til seg, men berre dei som det er gjeve. For somme lever ugifte fordi dei er fødte uskikka til ekteskap, andre fordi menneske har gjort dei uskikka til det; men det finst òg dei som sjølve har gjort seg uskikka til ekteskap for himmelriket skuld. Lat dei ta det til seg, dei som kan.»*

## **Synet på vigsel av homofile**

Jeg mener det er uheldig å skille ut enkelte lærepunkt som symboldogmer, for dermed lager vi lett en gradering av synd som mer eller mindre alvorlig.

For meg er saken om vigsel av homofile toppen av et isfjell. Toppen er godt synlig, og jeg forstår at kristenfolket er trett av en sak som isolert sett omhandler en liten gruppe mennesker. Likevel handler det om å «tvinge» Gud til å velsigne noe som Han ifølge sitt ord aldri kan velsigne, på lik linje med alt annet som Bibelen kaller synd. Som mennesker er vi kalt til omvendelse *fra* vår synd, ikke til å legitimere den og forsvare den, og konsekvensen av vårt valg er evig frelse eller evig fortapelse. Når syndens konsekvenser tas bort, har vi i praksis innført læren om at alle blir frelst til slutt, og da aner vi hvor stort resten av dette isfjellet er. Dette handler om bibelsyn og å underkaste seg Bibelen som autoritet, ikke om et isolert lærespørsmål. Derfor er også kirkesplittelsen for meg åpenbar, for en samlet kirke kan ikke vise til to motstridende retninger i spørsmål om synd og nåde.

## **Ei kristen haldning til homofili**

Lat meg berre kort kommentere dette til slutt, for eg opplever at mange kristne (og også dei fleste andre) er lite presise i ordbruken. Vi talar om «homofili» når vi egentleg meiner homofilt samliv. Det første er reelle kjensler som nokre har, det andre er eit val i strid med Guds ord. Som kristne skal vi elske alle menneske. Menneskeverdet er ikkje knytta til seksuelle orientering. Også dei som opplever seg som homofile, er skapt av Gud og elska av ham. Lat oss ikkje minst tenkje på kristne homofile som ønskjer å ta på alvor at Bibelen sier nei til sex mellom to mennesker av samme kjønn. Desse fortener å bli møtt med støtte.

## **Avslutning**

Dei gamle leiarane sa ein forkynnar burde ha i bakhodet at minst ein ufrelst sat i salen og hørde forkynninga. I dag vil eg seie at når vi har ei forsamling framfor oss, så bør vi ha det klart for oss at minst ein har opplevd relasjonar som brast eller noko anna vondt i bagasjen. Noko kjem frå ein skillsmisseheim eller er sjølv skilde, nokon har foreldre eller søsken i sambuarforhold, nokon er gift på nytt. Og lista kan gjerast lenger: Ei jente har tatt abort, nokon kjenner på homofil tiltrekking, nokon slit med rusmisbruk, nokon har opplevd overgrep, osv.

Henri Nouwen: "Når jeg ber for de endeløse behov til millioner, ekspanderer min sjel og jeg ønsker å omfavne dem og bringe dem inn i Guds nærvær. Men midt i den opplevelsen innser jeg at medfølelse er ikke min, men Guds gave til meg. Jeg kan ikke omfavne verden, men Gud kan. Eg kan ikke be, men Gud kan be i meg. Da Gud ble som oss, tillot han oss å inngå intimiteten i det guddommelige liv. Han gjorde det mulig for oss å ta del i Guds uendelige medfølelse."